

FAU Sandnes skule

Masfjorden kommune

v/Sveinung Toft

Gjeld uteområdet Sandnes skule

Me viser til brev frå kommunen, datert 09.06.2022.

Prinsipielt meiner FAU at det må vera skulen og elevane sine interesser ein legg vekt på når ei slik sak kjem opp. Då må elevane sine representantar, dvs. Elevrådet og Ungdomsrådet få seia si meining før saka vert avgjort. Me er ikkje kjende med at det har skjedd i denne saka. Ungdomsrådet har etter «Forskrift om medvirkningsordningar» rett til å uttala seg i alle saker som gjeld ungdom. Dersom ikkje kommunen syter for at det skjer i denne saka, meiner me det er å rekna som ein sakshandsamingsfeil.

Me forventar difor at høyringsfristen vert utsett til etter at skulen er komen i gang att etter sommarferien.

Uavhengig av det vil FAU komma med følgjande merknader:

1 Me viser til prinsippet om «barns beste» frå artikkel 3 i FNs barnekonvensjon. Dette er teke inn i Grunnlova § 104, som seier at kva som er best for barnet, skal vera eit grunnleggande omsyn i alle saker som vedkjem barn. Me kan ikkje sjå at dette er teke omsyn til i denne saka. Tvert imot vil me seia at tiltaka som er skisserte, ikkje er til det beste for elevane på Sandnes skule, då tiltaka vil føra til ei innskrenking i aktivitetane i skuletida og eit mindre uteareal.

Dersom dette rettsprinsippet ikkje vert vurdert i saka, er også dette ein sakshandsamingsfeil og eit grunnlag for ein eventuell klage.

2 Klagarane var kjende med at det føregjekk aktivitetar på skuleområdet i skuletida, jfr. nest siste avsnitt i klagen. Ut frå det meiner me at rådmannen må avvisa å gjera endringar i bruk av skuleområdet i skuletida.

3 Me som har born i skulen og/eller har hatt det, er glade for at skulen og nærmiljøanlegget fungerer som samlingsplass på ettermiddags- og kveldstid, og at skulen er som eit kultursentrum å rekna, med aktivitetar knytt til kulturskule, idrett, skulekorps, sjakk m.m. Å avgrensa bruken av skulen og nærmiljøanlegget vil gå ut over elevane sin trivsel og påverka folkehelsa i negativ lei. Ut frå eit folkehelseperspektiv må kommunen vera varsam med å avgrensa elevane sin fysiske aktivitet.

Det som no er ei basketbane, var i den opphavlege planen ei ballbane for dei yngste elevane. Bana er ein del av nærmiljøanlegget og delvis bygd for spelemidlar. Bana vart opparbeidd i samband med at nybygget kom. Det har såleis ikkje skjedd ei endring av bruken etter at klagarane overtok naboeigedomen. Det kan ikkje gå ut over elevane på Sandnes skule at kjøparane av naboeigedom ikkje sette seg inn i bruken av skuleområdet før dei kjøpte.

4 Når det gjeld det konkrete framlegget til endringar i bruk av uteområdet, vil FAU merka følgjande: Å flytta og snu dei to hyttene, har me ingen ting i mot.

Å setja opp att det omtalte gjerdet, er me meir skeptisk til. Berre dersom skulen ser at dette fører til noko positivt sett frå skulen/elevane si side, er me villige til å gå med på dette.

Me vil ikkje ha noko tidsavgrensing i bruken av basketbana. Sandnes skule har om lag 50 elevar og små klassar, og me har vanskeleg å sjå at desse små klassane kan skapa så mykje støy når dei er ute i friminutta.

Me vil gå sterkt i mot at basketbana blir stengd på ettermiddag og kveld.

Med helsing

FAU Sandnes skule